



Psykisk helse

NYNORSK

Rettsvern ved tvang



Kontrollkommisjonane i det psykiske helsevern




Kontrollkommisjonane i det psykiske helsevernet har som hovudoppgåve å ta vare på rettstryggeleiken din.

Alle institusjonar, distriktpsikiatriske senter og poliklinikkar i det psykiske helsevernet har ein kontrollkommisjon knytt til seg.

Det er ein jurist som leier kontrollkommisjonen, som elles består av ein lege og to andre medlemmer. Ein av dei to andre medlemmene skal sjølv ha vore pasient eller pårørande, eller ha representert pasientinteresser i stilling eller verv.

Oppgåvene til kontrollkommisjonen

- Kontrollkommisjonen er klageinstans for vedtak om tvunge psykisk helsevern (tvangsinnlegging) og andre vedtak om bruk av tvang.
- Kontrollkommisjonen fører på eige initiativ, uavhengig av klage, kontroll med alle vedtak om etablering av tvunge psykisk helsevern (tvangsinnlegging), etterprøver automatisk vedtak etter 3 månader og må samtykke dersom det tvungne vernet skal forlengjast utover eitt år.
- Kontrollkommisjonen fører kontroll med behandling utan eige samtykke (tvangsmedisinering, tvangsernæring) og bruk av tvangsmiddel. Kommisjonen skal elles føre den kontrollen han finn nødvendig for velferda di.



Som pasient eller den nærmaste pårørende til ein pasient kan du klage til kontrollkommisjonen på vedtak om følgjande:

- *Observasjon eller tvunge psykisk helsevern (tvangsinnlegging)*
- *Vidareføring eller opphør av tvunge psykisk helsevern*


Du kan ikkje haldast under tvunge psykisk helsevern dersom vilkåra for dette i lova om psykisk helsevern ikkje er til stades. Den som har fatta vedtaket, skal fortløpande vurdere om vilkåra er oppfylte, og i motsett fall treffe vedtak om opphør (utskrivning). Du eller din nærmaste pårørende kan når som helst be om at tvunge psykisk helsevern stansar.

- *Etablering av psykisk helsevern overfor barn og unge mellom 12 og 16 år*

Etablering av psykisk helsevern overfor barn og unge under 16 år krev samtykke frå den eller dei som har foreldreansvaret for barnet. Dersom barnet har fylt 12 år og barnet sjølv ikkje er einig i tiltaket, skal spørsmålet om etablering av psykisk helsevern avgjerast av kontrollkommisjonen.

- *Samtykke til å vere undergitt reglane om tvunge psykisk helsevern for inntil tre veker*

Ved frivillig psykisk helsevern kan du samtykkje til å vere undergitt reglane om tvunge psykisk helsevern i inntil tre veker. Avgjerda til den fagleg ansvarlege om å krevje samtykke kan bringast inn for kontrollkommisjonen.



- *Overføring til annan institusjon eller anna tiltak*

Alle vedtak om overføring til opphald i annan institusjon eller til andre tiltak (til dømes frå tvunge vern med døgnopphald til tvunge vern utan døgnopphald) kan klagast på. Klage på slikt vedtak fører som hovudregel til at overføring ikkje kan skje før klagesaka er avgjort. Det gjeld likevel ikkje dersom tilstanden din gjer det heilt nødvendig at overføringa skjer utan opphald.

- *Bruk av tvangsmiddel og restriktive tiltak under gjennomføringa av psykisk helsevern*



Det å vere underlagd tvunge psykisk helsevern gir ikkje i seg sjølv grunnlag for å setje i verk tvangstiltak. Tvangstiltak kan berre setjast i verk etter særskilt vedtak med heimel i lov, og bruk av tvang kan berre skje når det er rekna som strengt nødvendig.

Vedtak som det kan klagast på til kontrollkommisjonen:

- Skjerming
- Restriksjonar i retten til å ta imot besøk, nytte telefon og sende og ta imot pakkar og post
- Undersøking av rom og eigedelar, og kroppsvisitasjon
- Beslag
- Rusmiddeltesting av biologisk materiale
- Bruk av tvangsmiddel (mekaniske tvangsmiddel, isolasjon, korttidsvirkande lækjemiddel)

Vedtak om undersøking og behandling utan eige samtykke kan du klage på til Fylkesmannen.

Kontrollkommisjonen fører likevel kontroll med all tvangsbehandling gjennom gjennomgangen sin av tvangsprotokollar.



Korleis går du fram for å klage

Klage til kontrollkommisjonen kan leggjast fram munnleg eller skriftleg. Du kan anten klage overfor helsepersonell ved institusjonen (som vidareformidlar klaga til kontrollkommisjonen), direkte til kontrollkommisjonen (per telefon eller brev) eller når kommisjonen er til stades ved institusjonen.

Helsepersonellet ved institusjonen skal ved behov hjelpe deg med å skrive ei klage.

Rett til gratis advokat

Som pasient har du krav på fri rettshjelp, det vil seie gratis advokathjelp, i samband med klager som gjeld vedtak om:

- Vidare undersøking (observasjon)
- Etablering, vidareføring eller opphøyr av tvunge psykisk helsevern (tvangsinnlegging)
- Overføring
- Barn mellom 12 og 16 år som ikkje sjølve samtykkjer i å bli lagde inn i det psykiske helsevernet

Du har også krav på fri rettshjelp ved domstolsprøving av vedtaket til kontrollkommisjonen. Det føreset at vedtaket det blir klaga på, framleis gjeld.

Dersom du vil klage til fylkesmannen over vedtak om undersøking og behandling utan eige samtykke, har du krav på inntil fem timer fri rettshjelp frå advokat.

Kontrollkommisjonen skal sørgje for at du får kontakt med ein advokat.

Slik blir klaga di behandla

Før kontrollkommissjonen treffer vedtak i ei klagesak, skal han sørge for at saka er så godt belyst som mogleg.

Som ledd i saksførebuinga ber kontrollkommissjonen gjerne den fagleg ansvarlege for vedtaket om ei skriftleg utgreiing.

Du eller din nærmaste skal alltid få høve til å uttale dykk før kontrollkommissjonen treffer avgjerda si.

I saker som gjeld klage på tvungen observasjon eller tvunge psykisk helsevern, og i saker om overføring, blir det halde eit møte før vedtaket blir treft. Som pasient har du rett (eventuelt ein person som handlar på dine vegner) til å vere til stades under møtet.

Kontrollkommissjonen skal treffe skriftleg og grunngitt vedtak i saka. Som hovudregel skal det skje innan to veker etter at klaga blei framsett.

Dersom ei klage på tvunge vern blir avslått av kontrollkommissjonen, kan ikkje ei tilsvarende klage gjentakast før det har gått minst seks månader.

Både sjukehuset og institusjonen treffer vedtaka sine på norsk. Dersom du ikkje forstår norsk eller av andre grunnar ikkje kan lese eller forstå vedtaket, har du krav på rettleiing om innhaldet – om naudsynt ved hjelp av tolk.

Klage på vedtaket til kontrollkommisjonen

Du eller din nærmaste kan i nokre tilfelle klage på eit vedtak til domstolane.

Det gjeld:

- Sak om etablering eller vidareføring av tvunge psykisk helsevern
- Vedtak om overføring frå tvunge psykisk helsevern utan døgnopphald i institusjon til tvunge psykisk helsevern med døgnopphald i institusjon


Kontrollkommisjonen tek sjølv initiativ

Kontrollkommisjonen skal på eige initiativ kontrollere at dei formelle krava for ei tvangsinnlegging er oppfylte, og at vedtaket byggjer på ei rett vurdering av vilkåra i lova.

Institusjonen skal derfor sende kommisjonen kopi av alle vedtak om vidare undersøking eller tvunge psykisk helsevern. Institusjonen skal òg sende kommisjonen dei dokumenta vedtaka byggjer på.

Uavhengig av om eit vedtak om tvunge psykisk helsevern blir klaga på, skal kontrollkommisjonen på eige initiativ vurdere om det er behov for vidare tvunge vern, tre månader etter innlegginga.

Eitt år etter at det tvungne vernet blei etablert, må kontrollkommisjonen samtykkje til forlenging dersom det tvungne vernet skal halde fram.



Kontrollkommisjonen sin velferdskontroll



Kontrollkommisjonen skal minst éin gong per månad besøkje institusjonar og avdelingar som er godkjende for å ha ansvar for pasientar under tvunge psykisk helsevern til døgnopphald. Andre institusjonar skal kontrollkommisjonen besøkje minst fire gonger i året. Nokre av besøka skal vere umelde.

Under besøket skal kontrollkommisjonen ta kontakt med pasientane, og du kan då ta opp forhold som er viktige for opphaldet ditt ved institusjonen. Kontrollkommisjonen skal så langt han kan gi råd og hjelp.

Kontrollkommisjonen skal føre kontroll med bruken av restriktive tiltak, det vil seie at han skal gjennomgå alle vedtak om bruk av skjerming, tvangsmiddel, kontroll av rom og egedelar o.l. Under besøka skal kommisjonen gå gjennom tvangsbehandlings-, tvangsmiddel- og skjermingsprotokollane.

Kontrollkommisjonen skal òg undersøkje om det er husordensreglement ved institusjonen, og om det i så fall er i samsvar med lovgivinga.

Kontrollkommisjonen skal varsle fylkesmannen om eventuelle alvorlege forhold ved institusjonen og kan òg ta opp forhold med leiinga for institusjonen eller den fagleg ansvarlege for tvangsvedtak.



Pasient- og brukarrettar

Pasientar og pårørande i det psykiske helsevernet har rettar etter pasient- og brukatrettslova på same måte som andre pasientar.



Det inneber mellom anna rett til nødvendig behandling, rett til fritt behandlingsval ved planlagde innleggingar, rett til individuell plan, rett til informasjon og medverknad og rett til journalinnsyn. Både helsepersonellet og kontrollkommisjonen har teieplikt.

Kontrollkommisjonen behandlar ikkje klager på brot på pasient- og brukarrettslova. I slike saker er fylkesmannen klageinstans. Du finn meir informasjon om pasient- og brukarrettane på www.helsenorge.no.



Nyttige adresser

- **Fylkesmannen**, www.fylkesmannen.no
- **Statens helsetilsyn**, Postboks 8128 Dep, 0032 Oslo, tlf: 21 52 99 00, www.helsetilsynet.no
- **Pasient- og brukarombudet**, www.helsenorge.no/pasient-og-brukerombudet
- **Sivilombudsmannen**
(Stortingets ombudsmann for forvaltningen),
Postboks 3 Sentrum, 0101 Oslo,
tlf: 22 82 85 00, Grønt nummer: 80 08 00 39,
www.sivilombudsmannen.no
- **Helsedirektoratet**, Postboks 7000 St. Olavs plass,
0130 Oslo, tlf: 24 16 30 00, www.helsedirektoratet.no
- **Helse- og omsorgsdepartementet**, Postboks 8011 Dep,
0030 Oslo, tlf: 22 24 90 90, www.hod.dep.no
- **Brukarorganisasjoner:**
 - **Mental Helse**, Storgata 38, 0182 Oslo, tlf: 09875,
www.mentalhelse.no
 - **Landsforeningen for Pårørende innen Psykisk helse (LPP)**, Karl Johans gate 6, 0154 Oslo, tlf: 21 07 54 33,
www.lpp.no
 - **Organisasjonen Voksne for Barn**, Stortorvet 10,
0155 Oslo, tlf: 48 89 62 15, www.vfb.no
 - **Norsk pasientforening**, Postboks 376 Sentrum,
0102 Oslo, tlf: 22 00 74 00, www.pasient.no





Oversikt over landets kontrollkomisjoner finnes på www.helsedirektoratet.no

Din kontrollkomisjon er:



Helsedirektoratet